



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG
Att. Øyvind Johannessen

Vår dato:
13.09.2023

Vår ref:
2023/11108

Dykkar dato:
Dykkar ref:
YLBMEI

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Osterøy kommune - godkjenning av søknad om kommunal garanti til Osterøy IL

Osterøy heradsstyre har i møte 21.06.2023, sak 048/23, gjort vedtak om å stille garanti for lån som Osterøy IL ønsker å ta opp til rehabilitering av kunstgrasdekke og lysanlegget på Osterøy stadion, Fugledalen. Garantisum inkluderer forskot av spelemidlar og momskompensasjon, og er avgrensa til kr 6 000 000. Garantien er gyldig i 20 år.

Bakgrunn for vedtak.

Det eksisterande kunstgrasdekket vart lagt i 2008, og det har sidan vore eit høgt aktivitetsnivå og etterkvart stor slitasje på bana. Både klubben og dei kommunale skulane i nærområdet brukar bana. Ein ønsker å hindre spreiling av gummigranulat og erstatte det gamle dekket med eit meir miljøvennleg dekke. Samtidig ønsker idrettslaget å oppdatere lysanlegget og installere LED-pærer.

Kommunen sitt vedtak

HS - vedtak:

Osterøy Idrettslag får innvilga sin søknad om kommunal garanti på lån for å rehabilitere kunstgrasbana på Osterøy stadion - Fugledalen, kroner 6 000 000, forutsett at garantien vert godkjent av departementet, jfr. Kommunelova § 14-19 og Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapitel 1.

Det vert stilt som vilkår at søknaden om spelemidlar vert fornya årleg i tråd med regelverket. Det er ikkje eit krav at Osterøy Idrettslag har fått tildeling av spelemidlar for at garantien skal vera gyldig. Garantien gjeld for lån til rehabilitering av kunstgrasbana og lysanlegget.

Lov og forskrift om kommunale garantiar

Kommuner og fylkeskommuner kan ikke stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, hvis garantien innebærer en vesentlig økonomisk risiko eller er stilt for næringsvirksomhet. Et tilslagn om kausjon eller annen økonomisk garanti som en kommune eller fylkeskommune stiller for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, er bare gyldig hvis vedtaket om å stille garantien er godkjent av departementet.



Ved godkjenningen skal departementet bare vurdere om garantien er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Departementet kan ikke godkjenne garantier i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen. Er garantien godkjent av departementet, regnes den ikke som ugyldig, selv om den er i strid med første ledd eller forskrift gitt i medhold av denne paragrafen.

I forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar står det mellom anna om *krav til innhald i vedtak i § 2, og om avgrensing når det gjeld garantiens varighet i § 3. Det er innbyggjartalet i kommunen 1. januar i året før garantivedtaket som avgjer kva som er beløpsgrensa for kommunen, sjå § 4.*

Vurdering

I vedtekten står det at idrettslaget er organisert og skal drive idrett i samsvar med føremåla til Norges idrettsforbund og den olympiske og paraolympiske komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Dei driv derfor ikkje næringsverksemd, og overskot i laget skal gå inn som eigenkapital i idrettslaget.

Risikoen for kommunen er at Osterøy IL ikkje greier forpliktingane sine, og at drifta går med underskot eller blir avvikla. Årsmeldinga for 2022 viser at laget samla sett har god økonomi, og at fotballgruppa sjølv har ein eigenkapital på om lag 1,5 mill. kroner. Det er ikkje lagt fram budsjett for dei komande åra, men ein oversikt på kontantstraumen viser at likviditeten framover er god. Utbetaling av mva-kompensasjon og spelemidlar vil gå til nedbetaling av lånet etter kvart som desse kjem inn, og Osterøy kommune betaler kvart år leige for bruk av bana.

I eit folkehelse- og miljøperspektiv er det og positivt at desse endringane vert gjennomførde, og at innbyggjarane har gode anlegg til å drive med fysisk aktivitet, og at desse er oppdaterte i samsvar med krav til slike anlegg.

Vedtak:

Statsforvaltaren godkjenner vedtaket til Osterøy heradsstyre i sak 048/23, i medhald av kommunelova § 14-19, 1. ledd

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent